



Høgskulen i Bergen
Helse Bergen
Bergen kommune
Hordaland idrettskrets
Olympiatoppen Vest-Norge
SK Brann

Dato: 11.01.2016
Vår ref.: 2016/299-2
Saksbehandlar: hanespe
Dykkar ref.: «REF»

Campus Bergen - invitasjon til møte

Fylkestinget vedtok 8.-9. desember 2015 å løyve midlar til planlegging av eit «Campus Bergen» - eit kompetansesenter der ein samlar krefter frå organisasjonane, Olympiatoppen, vidaregåande skule, Høgskolen i Bergen, Universitet i Bergen og næringslivet til beste for idretten. Tilsvarande samarbeidsmodell er mellom anna realisert i Sogndal.

Fylkesordføreren inviterer til rådslaging om **Campus Bergen den 2. mars kl 9.00-11.00 i styrerommet på Høgskolen i Bergen.**

Målsetjinga med møtet er å avklare kva aktørar som er interesserte i å arbeide vidare med planlegging av tiltaket, og å samle synspunkt på satsinga si form og innhald. Følgjande kan vere utgangspunkt for drøftinga: Kva kan Campus Bergen bli? Kva andre aktørar bør inviterast med i samarbeidet og når? Kva andre prosessar påverkar arbeidet. Fylkesordføreren vonar at møtelyden kan einast om framdriftsplan for vidare planlegging og mandat for ei arbeidsgruppe.

Dagsorden:

1. *Velkommen og bakgrunn for møtet v/ fylkesordførar Anne Gine Hestetun*
2. *Status for utvikling av campus i Norge og behov i Bergen og Vestlandet v/ idrettspresident Tom Tvedt*
3. *Korte presentasjonar om ressursar i dag, behov og moglegheiter i eit Campus Bergen frå Idretten i Hordaland, Høgskolen i Bergen, Helse Bergen og Bergen kommune*
4. *Drøfting*
5. *Vegen vidare - oppsummering v/ fylkesordførar Anne Gine Hestetun*

Eit lite hefte med kortfatta informasjon om alle inviterte aktørar, kart mv vert sendt ut ei veke før møtet. I dokumentet vert dessutan campusmodellane frå Sogndal og Rogaland presenterte. Det vert servert lunsj etter møtet. Gje melding om de ønskjer dette ved påmeldinga innan 23. februar 2016 til Hanne Espe; hanne.espe@hfk.no.

Velkomen!

Med venleg helsing

Anne Gine Hestetun
fylkesordførar